

BRUKARRETLEIING FOR ELEKTRONISK SKJEMA – SØKNAD OM STATSTILSKOT TIL POLITISKE PARTI – KORT VERSJON	1
GENERELLE OPPLYSNINGAR – LES DETTE FØRST	1
KORT FORKLARING TIL DEI SJU SIDENE I SØKNADSSKJEMAET	2

Brukarrettleiing for elektronisk skjema – søknad om statstilskot til politiske parti – Kort versjon

For tilskotsordninga statstilskot til politiske parti er det laga eit elektronisk søknadsskjema. Dette skal brukast i staden for vanleg papirskjema.

Link til skjema: <http://devskjema.fylkesmannen.no/more/wizard/wizard.jsp?wizardid=239>

Fornyings- og administrasjonsdepartementet si informasjonsside om politiske parti:

Link: http://www.regjeringen.no/nb/dep/fad/Tema/Politiske_partier.html?id=1375

I tillegg er det laga ei informasjonsside som ligg på nettsida til FM Sogn og Fjordane.

<http://fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=41037>

Her ligg det informasjon om tilskotsordninga, namn på kontaktpersonar og link til sjølve skjemaet. Etter å ha klikka på linken får ein opp første sida i skjemaet.

Generelle opplysningar – les dette først

Det er leiar i partilaget, eller ein ansvarleg person i styret til partiet/lista som fyller ut søknadsskjemaet.

Skjemaet er kort og det er berekna at den som fyller ut skjemaet gjer det utan å stoppe og så halde fram t.d. dagen etter. Dersom den som fyller ut skjemaet av ein eller annan grunn må avslutte utfyllinga, så må ein starte på nytt frå side ein.

Det vert stilt spørsmål om namn på partilag, organisasjonsnummer til eige partilag, evt. til fylkesparti eller nasjonalt parti, kontonummer som evt. tilskot skal utbetalast til, namn på leiar i partiet, telefonnummer og e-postadresse.

Ein kan flytte seg mellom sidene ved å trykkje på knappane i venstre marg. Ein kan også flytte seg ved å trykke på knappen "Neste side" og "Førre side" nederst i skjemaet.

For å sende søknaden til Fylkesmannen må ein innom sida Kontroll. Dersom ein får opp raude kryss på sida må ein tilbake i skjemaet og svare på spørsmål som ikkje er utfylte. Gjenta dette til alle raude kryss er borte. Trykk så "Send inn". Søknaden vert no sendt. Ein får ei

kvittering på skjermen med eit referansenummer. Ta utskrift av sida og ta vare på den i tilfelle det vert spørsmål om søknaden i saksbehandlingstida.

Søknadane skal normalt vere ferdig saksbehandla av Fylkesmannen innan 1.april 2008.

Kort forklaring til dei sju sidene i søknadsskjemaet

Namn på sida	Kort utgreiing om sida
Søknad om partistøtte	Vel mellom bokmål og nynorsk og trykk så på knappen "Til skjemaet".
Identifikasjon av søkjar	Her må ein velje fylke, kommune og parti ein ønskjer å sende søknad for.
Grunnlagsdata for søknad	<p>Dette er informasjonsside. Ingen felt skal utfyllast.</p> <p>NB!! Dersom du søker om partistøtte til ei liste /parti som ikkje har tilknytning til eit registrert politisk parti vert ein stoppa her.</p> <p>Sjå hjelpetekst som kjem opp nede på sida. Her ligg link til eiga nettside med meir informasjon. Ein finn også eit word-skjema som ein kan fylle ut og sende til Fylkesmannen. Søknaden vert behandla på vanleg måte og på lik linje med søknadane som kjem inn elektronisk.</p>
Førebels utrekning av tilskot	<p>Dette er informasjonsside. Ingen felt skal utfyllast.</p> <p>Ein får ei førebels utrekning av tilskot.</p> <p>Fylkesmannen fattar endeleg vedtak ca 1. april 2008.</p>
Partiopplysningar - adresseinformasjon	Her må felta med * fyllast ut. Ha partiet/lista sitt kontonummer klart før utfylling.
Adresseinformasjon til ansvarleg leiar /partileiar	Her må felta med * fyllast ut.
Kontroll	<p>Sjå gjennom heile sida. Dersom det er raude kryss i venstre kant så betyr det at ein ikkje har fylt ut felt som må utfyllast. Klikk på dei raude kryssa og fyll inn nødvendige data. Gjenta dette til alle raude kryss er borte.</p> <p>Ein skal så få ein grøn hake og kan trykke på knappen "Send inn".</p> <p>Etter å ha trykt på "Send inn" knappen får ein ei kvittering på skjermen. Ta utskrift av den og oppbevar den i tilfelle det vert spørsmål om søknaden i saksbehandlingstida.</p>